



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 21.11.2022
Vår ref: 22/04758-2
Deres ref: 202211253-2

Fråsegn til høyring av søknad om konsesjon for bygging av Mauranger 2 kraftverk med overføringer i Kvinnherad kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG_NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 7. november 2022.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressurser, og skal bidra til størst mulig samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressurser (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter vannressurslova.

Om saka

NVE har motteke søknad frå Statkraft Energi om bygging av Mauranger 2 kraftverk i Kvinnherad kommune. Det søkaste om to alternativ:

- Alternativ 1: Bygging av Mauranger 2 kraftverk med inntak i Blådalsvatnet og tre bekkeinntak inn til ein ny sprengt tunnel mellom Juklavatn og dagens tappetunnel ved Blådalen. I tillegg kjem regulering av Midtra Kvitnadalsvatn med 1 m, og bygging av Blådal pumpestasjon.
- Alternativ 2: Første trinn er som for alt. 1, men kraftstasjon og vassveg blir førebudd med større utsprenging slik at aggregat 2 kan installerast seinare. Andre trinn inneber installasjon av aggregat 2 i Mauranger 2 i tillegg til bygging av Svartedal pumpestasjon Dette alternativet føreset ei nettutviding.

Statkraft Energi søker primært om alternativ 2, subsidiært alternativ 1.

Søknaden omfattar ei ca. 2 km lang luftlinje frå lukehus v/Svartedalsvatn til Blådal pumpe, og ein ca. 3 km lang jordkabel frå Mauranger 2 kraftverk til nytt brytarfelt i koplingsanlegget ved Mauranger. Tiltaket er konsekvensutgreidd.

Fråsegn frå DMF

Konsekvensutredninga har identifisert at tiltaket kjem i berøring med ein sand- og grusførekomst¹ og ei registrering av steintipp². Noregs geologiske undersøking (NGU)

¹ Austrepollen grusførekomst:

https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=106453



har vurdert førekomstane til å ha lokal betydning som byggeråstoff. I utgreiinga er det vurdert at tiltaket har ubetydeleg påverknad og konsekvens. Steintippen er beskrive som tømt. DMF sluttar seg til desse vurderingane. Vi kan ikkje sjå at det føreslegne tiltaket kan få følgjer for andre registrerte førekomstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift. Vi kan heller ikkje sjå ut frå informasjonen som er lagt ved saka, at tiltaket gjeld uttak av masse som vil bli omfatta av minerallova.

Masseforvaltning

Realisering av prosjektet inneber behov for å sprengje ut ein del steinmassar. Tunnelmassane er planlagt deponert ved Markjelkevatnet, ca. 800 000 m³, og Austrepollen, ca. 640 000 m³. Mineralressursar er ikkje-fornybare naturressursar som berre kan takast ut der dei ligg. Brukbare overskotsmassar bør nyttast til samfunnsnyttige formål framfor å leggjast i permanent deponi. Det bør undersøkast om det er prosjekt i nærleiken som kan ha behov for massar. Gjenbruk av massar kan redusere behovet for å opne nye uttaksområder med dei ulempene det kan føre med seg. DMF sin levetidsanalyse for byggeråstoff i kommunen, viser at Kvinnherad kommune har mellom 10 og 20 år igjen før uttaka går tom for knust fjell. Det kan derfor vere nyttig å legge til rette for at utsprengde massar kan tas i bruk til eigna formål.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Arita Eline Stene
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Arita Eline Stene

Mottakarar:

Norges vassdrags- og
energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Kopi til:

² Austrepollen steintipp:

https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visDeponiOmr.php?objid=187739